

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
114/16	Formannskapet	PS	19.10.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 009, TI - &14	14/212

Garantiavtale Aufera

Vedlegg:

Avtaleutkast

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner avtale mellom Austrheim kommune, Fedje kommune og Radøy kommune om delansvar for lån i kommunalbanken.
Austrheim kommune si garanti vert gjeve som simpel kausjon.

Formannskapet - 114/16 - 19.10.2016

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner avtale mellom Austrheim kommune, Fedje kommune og Radøy kommune om delansvar for lån i kommunalbanken.
Austrheim kommune si garanti vert gjeve som simpel kausjon.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Radøy kommunestyre gjorde 19.05.16 fylgjande vedtak:
Radøy kommune gir kommunal garanti for lån i Kommunalbanken til Aufera AS, med inntil NOK 2.000.000. Garantien vert gitt som sjølvskuldnarkausjon. Løpetida for garantien er maksimalt 20 år. Garantien skal nedskrivas kvart år til restsaldo ved årsskiftet. Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

Radøy kommune tek initiativ overfor dei andre eigararkommunane - Austrheim og Fedje kommunar, for å få på plass ein avtale om fordeling av garantiansvaret mellom dei tre eigarkommunane basert

på kommunane sin eigardel i selskapet.

26.08.16 har Austrheim kommune fått oversendt utkast til avtale om delansvar , sjå vedlagt avtaleutkast.

Vurdering

Eg finn det rimeleg at Austrheim kommune inngår avtale om delansvar for lånegarantien til kommunalbanken. Medgarantien må gjevast som simpel kausjon.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Austrheim kommunestyre godkjenner avtale mellom Austrheim kommune, Fedje kommune og Radøy kommune om delansvar for lån i kommunalbanken.
Austrheim kommune si garanti vert gjeve som simpel kausjon.